



# Byglandsnytt nr.31 – mars 2022

## Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)  
**Neste utgåve: 1. april 2022** - Send tips om arrangement til innan 29.03. - Bygland kommune si heimeside: [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)

## Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord:** tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **Publikumsmottaket:** måndag – fredag 10.00 – 14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00 - 15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00 – 14.00

**Legkontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117**

**Bygland legekantor**

Sentrum 18, 4745 Bygland

**Byglandsfjord legekantor**

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

## Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

## Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Formannskapet:** 02.03. kl. 13.00
- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 14.03. kl. 12.00
- **Bygland Ungdomsråd:** 14.03. kl. 15.30
- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 15.03. kl. 12.00
- **Styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel:** 15.03. kl. 12.00
- **Kommunestyret:** 17.03. kl. 13.00
- **Levekårsutvalet:** 28.03. kl. 18.30

## Kunngjeringar

- **Eigedomsskatt 2022**

Eigedomsskattelista vert lagt ut til offentleg ettersyn i tre veker frå den 28.02.2022 (les meir under **Økonomi og Næring**, s.)

## Ledige stillingar

### **Ledig engasjement som bygdebokskrivar**

Bygland kommune søker etter bygdebokskrivar for Byglandsfjord og Vassend. **Søknadsfrist: 08.03.22**

I arbeidet med slekts- og gardshistoria for Bygland,

Bygland Gard og Ætt, er bandet om Byglandsfjord og Vassend skildt ut som eige prosjekt. Vi ønskjer å inngå avtale med ein kvalifisert person til å gjennomføre dette prosjektet.



### **Kvalifikasjonar:**

- generell kompetanse om lokalhistorisk arbeid, kulturhistorie og slektsgranskning
- kunnskap om arbeidet med Bygland Gard og Ætt, og kunnskap om historia til Byglandsfjord og Vassend, samt resten av Bygland kommune vil vere ein stor føremon

### **Vilkår**

- godtgjering etter framforhandla avtale

### **Kontakt/Søknad**


Ytterlegare opplysningar kan interesserte få hjå prosjektkoordinator i Bygland kommune, Leiv Rygg Langerak tlf 37 93 52 81 eller hjå leiar i bygdeboknemnda, Eystein Greibrokk tlf 909 84 831.

Send søknad til: Bygland kommune, Sentrum 18, 4747 Bygland eller på e-post til post@bygland.kommune.no innan **08.03.2022**.

## KORONA

### Oppdatert status på smittesituasjonen i Bygland

Vi oppdaterer fortløpande informasjon om smittesituasjonen i Bygland på kommunen si heimeside: [bygland.kommune.no](http://bygland.kommune.no).



### FHI informerer: Råd om sjølvtest for covid-19 Prøvetaking

Det er sannsynleg at prøvetaking med kombinert svelg-naseprøve til antigen-hurtigtestar vil fange opp

nokre fleire smitta personar enn prøve frå kun nase. Dette gjeld særleg dei første dagane ein har symptom.



Dei fleste tilgjengelege antigen-hurtigtestar er tiltenkt analyse av prøvemateriale frå bakre- eller framre naseprøve, men det ser ut til at desse fungerer godt også for kombinert prøve frå svelg og nase.

-Spesielt vaksne personar med symptom kan difor ta prøve både frå svelg og nase når dei gjer sjølvtestar, seier lege Joakim Øverbø i Folkehelseinstituttet.

Ta prøva først frå svelget/halsen og deretter frå nasen slik at det er størst moglegheit for å fange opp smitte. Du bør ikkje ta prøve kun frå svelget/halsen.

Ei naseprøve aleine vil framleis fange opp dei fleste smitta, så personar som tykkjer det er ubehageleg/vanskeleg å ta test frå svelget/halsen kan teste seg på vanleg måte i nasen. For barn er det tilrådd å ta testen frå nasen.

Prøvetaking frå svelg/hals bør gjerast om morgonen før inntak av mat og drikke, for å unngå at testen blir falskt positiv. Nokre mat- og drikkevarer er vist å kunne påverke testresultatet.



x4 per side



x5 per side

## Tilrådingar om testing

Om du får eit negativt resultat ved sjølvtesten og har nye symptom, er det tilrådd å ta ein ny test 2-3 dagar seinare. Er symptomata lette, treng ein ikkje halde seg heime i tida mellom den første og andre testen. Dei som er husstandsmedlemmer eller tilsvarande nære til ein smitta person bør halde seg heime mellom den første og andre sjølvtesten dersom dei har symptom.

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/> -Antigen-hurtigtestar

### Hurtigtestar for sjølvtesting

Du kan få gratis hurtigtestar for sjølvtesting på legekantoret, kommunehuset eller ved å ringe heimesjukepleien.



### Kriterium for å få utlevert testar er:

- Personar med symptom
- Test ved kjent eksponering
- Test i staden for karantene av husstandsmedlemer/tilsvarande nære
- Andre nærkontaktar
- Annan screening etter smittevernfareleg vurdering
- Test av personar som utfører kritiske samfunnsfunksjonar (inkluderte helsepersonell)
- Jamnleg testing

### Oppfølging etter sjølvtesting


Bekreftande PCR-test blir ikkje tilrådd til følgjande personar:

- Personar som har fått tredje vaksinedose
- Personar som har motteke to dosar koronavaksine og deretter gjennomgått covid-19 i løpet av dei siste 3 månadene.

Bygland kommune har Fiks smittesporingssystem og på heimesida kan ein registrere positiv sjølvtest og om ein har vore nærkontakt med smitta person.

### Positiv sjølvtest? Vi endrer rutine våre

Vi har no endra rutine våre, og har slutta å sende SMS til dei som registrerer sin positive sjølvtest. Bakgrunnen for dette, er at ein har



vurdert at informasjonen ein får når ein registrerer sjølvtesten er så god at det ikkje er naudsynt med meir informasjon.

## Har du testa positivt, men får feilmelding når du skal registrere deg?

Vi får stadige meldingar om at folk ikkje klarer å kome inn i portalen for sjølvregistrering av positiv



test. Det er svært viktig at vi får beskjed om at du er smitta! Nedanfor finn du telefonnummer du kan ringe om du opplever å ikkje kome inn.

Det er svært viktig for oss å følgje smittesituasjonen i Bygland kommune.

Vi har fått melding om at det tidvis kan vere problem å kome inn på sjølvregistreringa. Om du har prøvd fleire gonger å kome inn, men får feilmelding, kan du ringe kommunen:

- 37 93 47 00 - Sentralbordet i tida kl. 10:00 - 14:00
- 917 78 509 - Jorunn Sørлие Tveiten
- 952 15 572 - Kjersti Plathe

## Vaksinering mot Covid 19

### Vaksine for born

Det er nå mogleg å få vaksine til born mellom 5 og 11 år og få 2. dose til dei over 12 år. Ta kontakt på tlf. 952 15 572. Meir informasjon om barnevaksinasjon finn ein på [www.fhi.no](http://www.fhi.no) sine nettsider.



### 4. dose med vaksine

Personar som grunna sjukdom eller bruk av immundempande behandling har alvorleg svekket immunforsvar har dårlegare respons på vaksinar samanlikna med friske personar.

### Kva grupper er det som får tilbod om fire dosar og kva dokumentasjon må presenterast ved vaksinasjon?

Tilbodet om ein 4. dose gjeld alle som tidlegare er tilrådd tre dosar i grunnvaksinasjonen. Det vil dermed gjelde alle i gruppe 1 nedanfor og nokre i gruppe 2.

## Gruppe 1: Organtransplanterte

- Beinmargstransplanterte dei siste 2 åra
- Alvorleg og moderat medfødd immunsvikt
- Alvorleg nyresvikt (stadium 5) eller i aktiv dialyse
- Avansert eller ubehandla hiv-infeksjon
- Alle som har ein diagnose i som er nemnd i lista for gruppe 1 må vise dokumentasjon på dette, anten i form av vaksinebrev frå spesialisthelsetenesta, kopi av journalnotat eller annan tilsvarande skriftleg dokumentasjon.

## Gruppe 2

- Pasientar med pågåande rikeleg immundempande behandling av anna årsak.
- Pasientar som bruker immundempande medisinar som står på lista frå dei fagmedisinske miljøa, kan kontakte kommunen direkte. Det må kunne bli vist fram dokumentasjon på medisinbruk i form av vaksinebrev frå spesialisthelsetenesta, journalnotat, resept/e-resept eller medikamentforpakning der namnet til pasienten står.
- Kreftpasientar med aktiv eller nyleg gjennomgått immundempande behandling.
- Desse må førebels ha vaksinebrev frå spesialisthelsetenesta fordi det må gjerast ei individuell vurdering for å få best effekt av vaksinen og unngå unødvendige biverknader.
- Pasientar som av ansvarleg legespesialist meiner har svært nedsett immunforsvar og som ikkje inngår i ei av gruppene ovanfor. Desse må ha eige vaksinebrev frå spesialisthelsetenesta.

Personar som skal ha 4. dose kan og ta kontakt på telefon 952 15 572.

## Økonomi og Næring

### Eigedomsskatt 2022

Eigedomsskattelista vert lagt ut til offentleg ettersyn i tre veker frå den 28.02.2022.

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak vert det i 2022 skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett, jf. eigedomsskattelova § 3 c.

Det vert og skrive ut eigedomsskatt på det som tidlegare var definert som verk og bruk, jf. overgangsreglane til den nye eigedomsskattelova. Med



heimel i eigedomsskattelova §15, vert eigedomsskattelista lagt ut til offentlig ettersyn i tre veker frå den 28.02.2022.


Skattelista vert lagt ut på kommunehuset og kommunen si heimeside.

*Bygland eigedomsskattekontor*

## **Ny kartløyising over næringsareal i Agder**

Agder fylkeskommune har utvikla ei ny kartløyising som viser alle næringsareal i Agder.

Bygland kommune har registrert alle regulerte næringsareal i løyisinga, både utbygde og ikkje utbygde areal, men ein ber gjerne om tilbagemelding viss noko er registrert feil, eller om det er områder som ikkje er blitt registrerte.



Ta kontakt med [knut.forgard@bygland.kommune.no](mailto:knut.forgard@bygland.kommune.no) viss noko er feil.

## **Drift og Forvaltning**

### **Viktige datoar som gjeld produksjonstilskot**

**1. mars** er teljedato for produksjonsdyr, og **15. mars** er søknadsfristen for produksjonstilskot del 1. Du kan søkje frå og med 1. mars.

*For meir informasjon sjå kommunen si heimesida.*



### **Arrangement Prestneset 2022?**

Har nokon planar om, eller ynskjer om å bruke Prestneset til arrangement sommaren 2022?



Området er drifta og forvalta av Bygland kommune. For å få ein oversikt, og god avviking av eventuelle arrangement, så ber me om at aktuelle aktørar lager ein skriftlig søknad til kommunen om å bruke areala.

Søknaden må innehalde tidsrom for arrangementet, type aktivitet og andre behov som må dekkjast. T d sanitære forhold. Kommunen ønskjer også å ha

dialog med arrangørar når det gjeld sikringsplan for arrangementet og eventuelle behov for skjenkeløyve.

Aktuelle linkar kan vere nyttige å lese igjennom:

- <https://www.bygland.kommune.no/store-arrangement-skjema-og-rettleiar.427998.nn.html>
- Skjenkeløyve - einskild høve / ambulerande (KF-112)

For god planlegging ønskjer kommunen søknadane så fort som mogleg. Dersom fleire arrangement vil vere på same tid, så er utgangspunktet at «første mann til mølla prinsippet» gjeld. Send søknad til Bygland kommune, sentrum 18, 4745 Bygland eller [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no).

Aktuelle kontaktpersonar er beredskapskoordinator Rune Larsson eller tenesteleiar drift og forvaltning Kjell Øyvind Berg ( tlf 379 34 730 ).

## Kultur

### **Kjell Elvis konsert på Byglandsheimen; arr. Den kulturelle spaserstokken/Bygland kommune**

Onsdag 2. mars kl. 16.00 - Gratis konsert!

Kjell Elvis både ser og høyrer ut som «The King». Men han har òg det som berre eit fåtal artistar har; ein spontanitet og utstråling som fangar og begeistrar kvart publikum. Dette og ein fabelaktig evne til å «gripa augneblinken» gjer konsertane hans til særskilde varme og gode opplevingar for publikum



## Oppvekst

### **Kontaktinformasjon til skulehelsetenesta**

Helsesjukepleiar: Ingrid Austegard er på skulen på føremidag tysdagar og torsdagar.

Ingrid sitt telefonnummer er: 90 14 56 80

Helsestasjon for ungdom:

Helsestasjon for ungdom er gratis og lett tilgjengeleg for ungdom opp til 20 år. Her kan ein få samtale, rådgjeving og helseopplýsing.

Helsestasjon for ungdom er på måndagar frå kl. 14:30 - 16:00

Du kan snakke med helsesøster på nett:





Link: <http://bygland.intra.custompublish.com/helsestasjon-for-ungdom-paa-nett.6340240-352520.html>

## Fellessamling

Pandemien er på retur og samfunnet opnar litt etter litt. Me kan difor endeleg ha fellessamling for heile skulen igjen!

Tema for samlinga var ord som kan sære.

Rektor viste film og snakka om temaet. Alle

fekk i oppdrag å sei ein hyggeleg ting til ein annan minst ein gong om dagen.

5-7.klasse var dei heldige vinnarane av "Den Gyldne kost" denne gonga.

I høve samane sin nasjonaldag 6. februar, viste 5.-7.kl sameluer frå eit prosjekt dei hadde gjennomført.

## 100 dagars fest!

100 dagar på skulen og 100 dagar smartare!

Då førsteklassingane begynte på skulen i haust begynte nedteljinga. Eit kryss for kvar skuledag, blei til 100 i januar. Det måtte sjølvsaft feirast. Fadderane i 7.kl.asse vart inviterte til fest der 100 talet sto i fokus.

Non stop vart nøye opptalt og fordelt, MEN alle var einige om at 100 Non stop var altfor lite...



## Kyrkjene i Bygland

### Kyrkjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

### Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472  
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelson: 977 19 173



## Gudstenester (med atterhald)

- søndag 13.03. kl. 11.00, Bygland kyrkje
- søndag 27.03. kl. 11.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø



## Andakt på Byglandsheimen

- tysdag 08. og 22.03. kl. 14.00, Byglandsheimen

•

## Bygland Frivilligsentral

**KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,**  
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:  
post@bygland.frivilligsentral.no  
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



### Opne aktiviteter:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)** bl.a. med mykje vinterutstyr, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste og transport til og frå vaksinasjon**
- **Strøsand til eldre** (garasjen til heimesjukepleien ved Byglandsheimen, kontakt **heimesjukepleien tlf. 95234632** eller **Frivilligsentralen tlf. 94510770**)
- **Besøksven** for eldre

### Vi gler oss at dei fleste aktivitetane har opna opp att, t.d. tysdagskafé og bygdemiddag!

- **Seniorsenter:** kvar måndag kl. 11.00 – 14.30, Pakkhuset på Byglandsfjord
- **Valfag Innsats for andre - samarbeid med Bygland Oppvekstsenter:** Kvar tysdag kl. 12.00-13.30, ikkje i ferien. Oppdrag kan meldes inn på sms til 945 10 700. Der skriv du adresse og kva oppdraget er.
- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral **(neste 01. og 15.03.)**
- **Bygdemiddag:** annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral **(neste 08. og 22.03.)**
- **Open dag i salen – Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-15.00
- **Kunstnarverkstad 4.-7. klasse:** kvar onsdag kl. 15.00-16.30, Bygland frivilligsentral
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Strikkekafé:** 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral **(neste 03. og 17.03.)**

- **Kulturmåltid (tidligere Tysdagskafé):** annakvar torsdag kl. 11.00, blir det kulturmåltid på Stoga. Kom for å ete nista di eller kaup ein kopp kaffi medan du tar til deg kulturell næring (**neste 3. og 17. 03.**) - Torsdag 3. mars kl. 11.00 kjem Svein Kleivane med «Laust og fast frå Bygland». Billett: kr. 50



Olav Grendstad / Egden, tatt frå Visit Setesdal si nettside

## Skidag på Brokke 22. februar

Bygland frivilligsentral og BUA Bygland har hatt ein fantastisk dag i Brokke alpinsenter i dag med 21 spreke og blide ungdom. Masse mestring, matfelleskap rundt bålpanna, omtanke for kvarrandre, og godt



sosialt felleskap rundt aktivitet. Det er dagen kort oppsummert. Så gøy å ha dykk alle med!

Tusen takk for all hjelp frå frivillige! Uten dykk hadde vi ikkje klart å arrangere dette! Godt samarbeid, og ingenting anna en velvillighet.

**Bygland ungdomsklubb** måndag og onsdag, kl. 19.00, Byglandshallen  
**OBS! Frå og med veke 10 blir det endra opningstider og stad:**

**MÅN:** 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

**MÅN:** 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

**ONS:** 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)  
(6. og 7. klasse kan halde fram til neste skuleår)

**FRE:** 18.00 - 21.00, 5. -7. kl. (Årdalshallen)

**LAU:** 19.00 - 23.00, 8. kl. -VGS (Byglandshallen)



## Tømekalender for Bygland kommune – mars 2022

*Matavfall og restavfall:* veke 10: torsdag 10.03.

*Papir og plast:* veke 12: tysdag 22.03.

*Matavfall og glass/metall:* veke 12: torsdag 24.03.

**Nesmoen** Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (09.03.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (26.03.)

**Syrtevit:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00--14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (12.03.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no) heimeside: [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00

## Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 30:

Bilete: Framside: Fånefjellet ein tidleg morgon i mars. Bilde Susanne Hegenscheidt. Innhald (m. m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt, pixabay.com, Marit S. Kvaale, Anne Fauske, Olav Grendstad, BUA Bygland. Red.notat og Kva skjer: S. Hegenscheidt. Takk til alle fotografane!  
Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Mari Rygg.  
Byglandsnytt mars kjem: 01.04., skrivefrist 29.03.



## KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

**Bygdekinoen: onsdag 23.03. kl. 17.30 og kl. 19.30**

**kl. 17.30:** ingen informasjon om film 1 ved redaksjonsslutt 01.03.22

**kl. 19.30: Kampen om Narvik**

### **OMTALE**

April 1940. Den gryande krigen i Europa verkar fjern for nordmennene, men auga i verda er allereie retta mot Narvik som skipar ut jernmalmen Hitler er avhengig av for å halda det tyske krigsmaskineriet i gang. Natt til 9. april blir nøytraliteten til Noreg krenka og tyske soldatar går i land. Bykommandanten overgir Narvik utan kamp, men ikkje alle er villige til å leggja ned våpena. Eit kompani på 200 norske soldatar bløffar seg ut av byen og tar opp kampen. Blant soldatane finn vi den unge korporalen Gunnar Tofte, som får sin ilddåp i kamp mot dei profesjonelle, tyske alpejegerane i fjella. I Narvik blir Royal Hotell, der kona hans Ingrid Tofte jobbar som stovejente og tolk, det nye hovudkvarteret til tyskarane. Frå skyttargrava er det enkelt å vita kven som er venn og kven som er fiende. Frå den sivile sida er bildet meir komplisert.



**BILLETTPRIS:** 120 kr.

### **FILMFAKTA**

Regi: Erik Skjoldbjærg. Språk: Norsk. Produksjonsår: 2021  
Skodespelarar: Carl Martin Eggesbø, Kristine Hartgen, Stig Henrik Hoff, Kari Bremnes, Emil Johnsen, Mathilde Cuhra, Henrik Mestad, Torfinn Nag, Holger Handtke, Christoph Bach, Billy Campbell m.fl.  
Sjanger: Krigsfilm. Nasjonalitet: Noreg. Aldersgrense: 15 år.

## Bygland Filmklubb: søndag 6. mars – Tema: Spion parodi



kl. 17.00

Johnny English  
(2003)

kl. 19.00

Austin Powers  
(1997)



## Ymse

**Stoga:** Næringslunsj fredag 4. mars kl. 11.00.

Ein uformell og sosial lunsj for alle som driv med næring, som sjølvstendig, som eigar, administrativt, politisk, eller berre er interessert i å være en del av næringsutviklinga i Bygland kommune. Påmelding gjer du med å betale inn 200,- til Stoga Vipps 696077 innan tysdag 1. mars. Initiativtakarar og lunsjvenner: Olav Skeie, Ragnhild Sordal, Runar Granheim, Beate Simonstad (tlf. 922 10 609) og Olav Grendstad (tlf. 906 65 459).



Plakat: Stoga AS

**Lina Sandell konsert** i Bygland kyrkje 11. mars kl. 20.00 - arr. Bygland sokneråd

Bygland sokneråd inviterer til konsert basert på den svenske salmediktaren Lina Sandell, fredag 11. mars kl. 20.00 i Bygland kyrkje.

Konserten skjer i samarbeide med Evje og Hornnesmenighetskor og koret "På tvers" frå Høvåg. Svein Kleivane fortel om Lina Sandell sitt liv og diktning. Svenske Jenny Strømstad frå Evje les sitat frå Linda Sandell. Musikalsk ansvar: Thomas Stanghelle, pianist og dirigent.



Bilete: tatt frå Wikipedia

Lina Sandell, født 1832 på Frøderys prestegård i Småland, Sverige, skrev opp mot til 2000 salmer.

Konserten er gratis, men det blir teke opp kollekt ved utgangen.

**Sesilåmi 2022:** laurdag 12. Mars fr. o. m. Kl. 09.00 - **Vinterens store styrkeprøve!** Turrenn frå Brokke i Setesdal til Sirdal.

## UNESCO Foredrag "Verdensarv som verdiskapar", Setesdal

Den 22. mars vert det spanande foredrag om den UNESCO - lista industriarven i Telemark på



*Industriarven i Telemark. Tatt frå Setesdalfolk si Facebook-sida*

Rysstad, Setesdal, ved Halvor Sælebakke, leiar av verdensarvsenteret på NIA (Notodden Industriarv) og formidlingsansvarleg for verdensarv.

Han vil snakke om opplegg/erfaring av formidling på NIA, med vektlegging av formidling til born og unge bl.a gjennom ordninga Den Kulturelle Skulesekken.

Kjell Christenson er verdensarvkoordinator i Vinje. Han fortel om kva oppdemming av vatnet fekk for følgjer for gardane rundt Møsvatn, og kvifor denne historia er viktig å formidle som ein del av heilheita.

Øystein Haugan fortel om lokal forankring, «vern gjennom bruk» og ulike finansieringsordningar for verdensarvprosjektet Industriarven Rjukan-Notodden.

Hans Olav Stegarud, ny verdensarvkoordinator på Rjukan, utfyller med kunnskap/erfaring frå sine tidlegare jobbar hjå Hardanger fartøyvernsenter, sysselmann på Svalbard som kulturvernforvaltar, samt som avdelingsdirektør ved Fetsund lenser.

### Program for dagen

- 16.00—Frammøte Soknehuset, Rysstad
- 16.15—Buss frå Soknehuset til Sylvartun
- 16.30—Omvisning på Sylvartun v/ Gunnar Stubseid
- 17.15—Buss til Soknehuset
- 17.30—Servering av mat på Soknehuset
- 18.00—Foredrag frå Notodden, Rjukan og Vinje
- 20.00—Spørsmål, diskusjon og mogelegheit for innlegg
- 21.00—Avslutning

Påmelding innan 7. mars på mail til [annbjorg.lien@agderfk.no](mailto:annbjorg.lien@agderfk.no)

**Bygland Bygdekvinnelag:** Omvisning på Ose

Water måndag 28. mars kl. 18.00

Vi møter kvarandra ved lokala deira på Ose.



**Setesdal Sogelag:** laurdag 17. mars kl. 18.00 - Årsmøte på Bergtun Hotell, Valle. Saker, servering, og kåseri med Andres Helle. Ved spørsmål, forslag og/eller innspel ta kontakt med Vidar Toreid på tlf. 906 29 047.





# Setesdal for Ukraina

Innsamlingskveld med auksjon, lotteri & kulturinnslag  
Bygland kulturscene torsdag 10. mars kl. 18:00

Alle innsamla midler går uavkorta gjennom Røde Kors til humanitær hjelp  
Bankkonto/Vipps kjem

Ansvarlege for innsamlinga: Olav Grendstad & Geir Daasvatn

## SETESDAL FOR UKRAINA

Me er sorgfulle og forferda over det me ser i nyheitene frå Ukraina kvar einaste dag. Plutseleg er det ein grusom krig og ei stor flyktningskatastrofe midt i Europa. Me er blitt veldig inspirert av den nydelege aksjonen i Bykle for å samle inn midlar til humanitært arbeid i Ukraina. Me tenker at mange kanskje som oss føler eit behov for å gjere eitt eller anna aktivt. Me er så små aleine, men saman kan me kanskje får gjort litt meir. Me vil difor prøve å få til noko liknande som i Bykle i resten av Setesdal også, og vonar mange vil vere med på ein felles dugnad for å hjelpe.

Planen vår er å stelle i stand ein basar, auksjon og kulturkveld på Bygland kulturscene **torsdag 10. mars kl. 18.00**.

Alt har skjedd veldig raskt. Men du ønsker kanskje å bidra med noko til basaren eller auksjonen, selge noko i foajeen, eller bidra på andre vis? Til dømes med rigging, loddsal eller rydding, etc.


Meld det i så fall inn til: **Olav Grendstad, [olavgrendstad@gmail.com](mailto:olavgrendstad@gmail.com)**.  
Spørsmål: **tlf. 906 65 459**.

Ting kan leverast på Kulturscena same dag frå kl. 11:00. Andre måtar for levering kan avtalast. Men ALT må avtalast på førehand!

Torsdag 10. mars opnar dørene kl. 17:00. Det blir enkelt matsal. Arrangementet frå scena tek til kl. 18:00, og vil vare til rundt kl. 20:00.

Alt som blir selt betalast til aksjonen sin bankkonto/Vips-nummer. Dei er ikkje klare endå, men blir opplyste så snart dei er på plass. Alt som kjem inn går uavkorta til humanitær hjelp i Ukraina.

Presse- og Facebook-kontakt: Geir Daasvatn, tlf. **909 26 724**.

Kvar for oss kan me kanskje kjenne oss nokså små. Men saman kan me gjere noko stort for medmenneska våre 

Beste helsing Olav Grendstad og Geir Daasvatn



## KVA SKJER I BYGLAND?

**Mars 2022**

(med atterhald om endringar)  
Arrangement i regi av Bygland  
frivilligsentral,  
sjå s. 10/11

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
onsdag 02.03.	Bygland kommune	16.00	Kjell Elvis på Byglandsheimen
torsdag 03.03.	Bygland frivilligsentral og Stoga AS, Stoga	11.00	Kulturmåltidet med Svein Kleivane
	Biblioteket i Bygland		STENGT GRUNNA SJUKDOM
fredag 04.03.	Næring i Bygland	11.00	Næringslunsj på Stoga kafé
sundag 06.03.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	17.00	Film: Johnny English (12 år)
		19.00	Film: Austin Powers (12år)
tysdag 08.03.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
	Bygland frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag
torsdag 10.03.	Setesdal for Ukraina, Bygland kulturscene	18.00 – 20.00	Basar og kulturkveld (sjå. s. 15)
fredag 11.03.	Bygland kyrkje	20.00	Linda Sandell konsert
laurdag 12.03.	Sesilåmi	09.00	Turrenn Brokke - Sirdal
sundag 13.03.	Bygland kyrkje	11.00	Gudsteneste
torsdag 17.03	Setesdal Sogelag, Valle	18.00	Årsmøte på Bergtun Hotell
tysdag 22.03.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
	Bygland frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag
	UNESCO Setesdal, Rysstad	16.00- 21.00	UNESCO foredrag "Verdensarv som verdiskapar", Setesdal
onsdag 23.03.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Ingen info ved redaksjonsslutt
		19.30	Film: Marry Me
sundag 27.03.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	11.00	Gudsteneste

- **Bygland Ungdomsklubb:** sjå s. 11
- **Byglandsfjord Barnekor:** korøving mån 14. og 28. Mars, Fredheim bedehus
- **Brygga på Bygland:** torsdagar kl. 13.00 Kompetorsdag, bestilling: tlf. 922 51 952
- **Familiebading:** tysdagar og fredagar kl. 17.00 – 20.00 fram til påske
- **Telenorkarusell:** lysløypa på Heistad kl. 18.00: ons 2./mån 7./tys 15. mars